



Anleggspolitikk for Møre og Romsdal 2021–2024

Grunnlag for prioritering av spelemidler til
anlegg for idrett og fysisk aktivitet



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

1. Innleiing	3
2. Rammer	3
2.1 Regional planstrategi og fylkesplan.....	3
2.1.1 Møre og Romsdal om miljøfylke.....	4
2.1.2 Møre og Romsdal som attraktivt og mangfaldig fylke	5
2.2 Spelemlane og rolla til fylkeskommunen	5
2.2.1 Formålet med føresegnene	5
2.2.2 Føresegner om regionale anlegg	5
2.3 Avgrensingar	6
2.4 Sentrale omgrep	6
3. Anleggsstatus og fysisk aktivitet.....	6
3.1 Anleggsstatus i Møre og Romsdal	6
3.1.1 Friluftslivsanlegg	7
3.2 Fysisk aktivitet i befolkninga.....	8
4. Satsingsområde og prioriteringar.....	9
4.1. Satsingsområdet Nærmiljøanlegg	9
4.2 Satsingsområdet Friluftslivsanlegg.....	9
4.3 Satsingsområdet Mangfald av anlegg	10
4.4 Oppsummert - Satsingsområde og strategiar for anleggsutviklinga.....	11
4.5 Sentrale omsyn.....	11
4.5.1 Prinsipp om alternativkostnad og marginalnytte.....	11
4.5.2 Involvering av frivillige organisasjonar	12
4.5.3 Universell utforming.....	12
4.5.4 Interkommunale anlegg	12
4.5.5 Rehabilitering av anlegg	12
4.5.6 Tal innbyggjarar per anlegg	13
4.5.7 Tildeling dei siste åra	13
4.5.8 Kommunale prioriteringar.....	13
5. Andre forhold – bygging og rehabilitering av anlegg	13
5.1 Tilskot til anlegg ved skolar	13
5.2 Momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	13
5.3 Fylkeskommunale tilskot.....	14

1. Innleiing

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) fordeler kvart år tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, dei såkalla spelemidlane. Spelemidlane kjem frå overskotet i Norsk Tipping og har vore ein viktig bidragsytar for bygging og rehabilitering av anlegg sidan 1948. Spelemidelordninga skal bidra til infrastruktur som gir heile befolkninga moglegheit til å drive idrett og fysisk aktivitet. Barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år) er dei viktigaste målgruppene.

Idrett og fysisk aktivitet byr på viktige fritidsaktivitetar for mange. Både på grunn av eigenverdien aktivitetane har, og på grunn av potensialet dei har til å løyse utfordringar på andre samfunnsområde. Dette er ikkje minst knytt til den fysiske og psykiske helsa vår. For at flest mogleg skal kunne drive med idrett og fysisk aktivitet, både organisert og eigenorganisert, så er det viktig å prioritere dei anlegga som legg til rette for mest mogleg aktivitet.

«Anleggspolitikk for Møre og Romsdal fylkeskommune» skal vere retningsgivande for prioriteringane fylkeskommunen gjer i fordelinga av spelemidlar i perioden 2021-2024.

Det er peika ut tre satsingsområde med tilhøyrande strategiar for prioriteringane:

- Nærmiljøanlegg
- Friluftslivsplanlegg
- Sikre eit mangfald av anlegg

Strategiane tar opp i seg dei tre berekraftsdimensjonane økonomisk, sosial og kulturell, og miljømessig berekraft. Dette er i tråd med målet til MRFK om å vere det fremste berekraftsfylket i landet.

Det ligg til grunn ei brei kunnskapsinnhenting for anleggspolitikken. Det viktigaste skriftlege dokumentet er rapporten «Utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Møre og Romsdal» frå Møreforskning (2019). Det er elles nytta grunnlag og talmateriale frå ulike rapportar, stortingsmeldingar og evalueringar. I tillegg er det gjennomført gruppearbeid med idretts-/kulturkonsulentane i kommunane, og gjort ei spørjeundersøking blant desse. Det er også mottatt innspel frå Ungdommens fylkesting, fylkeseldrerådet og fylkesrådet for personar med nedsett funksjonsevne.

2. Rammer

2.1 Regional planstrategi og fylkesplan

I «Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020-2024» (RPS) blir det vist til at befolkninga i fylket er for lite fysisk aktiv. Dette gjeld både for ungdommar og vaksne. Og med ytterlegare nedgang i fysisk aktivitet, og samtidig for høgt kaloriinntak vil dette kunne føre til auke i mellom anna livsstilssjukdommar.

I fylkesplanen blir det spesifikt vist til at kvardagsaktiviteten er for låg. Dette handlar i første rekke om transport til og frå jobb og fritidsaktivitetar. Fleire folk i meir aktivitet vil kompensere for dette, og her kan anlegg for idrett og fysisk aktivitet spele ei viktig rolle. Dette er spesielt knytt til måla i fylkesplanen om å ha nærmiljø og lokalsamfunn som

fremmer god fysisk og psykisk helse, ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med eit variert kultur- og tenestetilbod, og det å ha eit kultur- og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle.

2.1.1 Møre og Romsdal om miljøfylke

Det har vore auka merksemd rundt konsekvensane som bygging og bruk av idrettsanlegg kan ha for miljøet. Denne merksemda har dreia seg mykje om bruk av gummigranulat (mikroplast) som innfyll på kunstgrasbanar, og bygging av turveggar i sårbare naturområde.

Det er under behandling i Klima- og miljødepartementet eit nytt kapittel i forureiningsforskrifta (heimla i forureiningslova) der målet er å minske spreinga av gummigranulat. Sentrale krav som vil tre i kraft ved vedtak er:

- løysingar for handtering av drensvatn og overvatn som sikrar at laust plasthaldig fyllmateriale blir samla opp slik at det ikkje blir spreidd utanfor banen
- tiltak som hindrar at laust plasthaldig fyllmateriale blir spreidd utanfor banen via brukarar av banen eller via anleggsmaskinar og anna utstyr som blir brukt ved vedlikehald og snørydding av banen
- informasjon til brukarane av idrettsbanen om spreiiing av laust plasthaldig fyllmateriale og tiltak for å redusere risikoen for slik spreiiing
- eige snødeponi der ein sikrar at fyllmaterialet ikkje forsvinn
- sørge for å gjere tiltak som er nødvendige for å hindre spreiiing av fyllmaterialet til omgivnadane utanfor banen. Og sørge for at fyllmaterialet som er samla opp blir brukt om igjen på banen viss det er brukbart, eller at det blir levert til godkjent avfallsanlegg.

Det ligg til grunn for forslaget at tiltaka skal gjennomførast ved nybygg eller når eksisterande idrettsanlegg blir rehabilitert neste gong. Fylkeskommunen føreset at tiltaka blir følgd opp for at ein skal bli prioritert i spelemideltidelinga.

Samtidig blir det jobba med ei regulering av bruk av mikroplast i EU. Det er venta at det kjem eit EU-vedtak tidlegast i 2022. Dette vil også kunne få følger for Norge.

Til grunn for målet om å bli miljøfylke nummer éin ligg mellom anna at arealplanlegginga skal bidra til strengare jordvern og meir naturmangfald. Når det gjeld naturmangfald legg fylkeskommunen i behandlinga av spelemidelsøknadene til grunn at kommunane har gjort eit vedtak etter plan- og bygningslova knytt til det aktuelle tiltaket. Anten at dette er gjort i samband med vedtak i arealdelen av kommuneplanen, og/eller ved vedtak om byggesaksbehandling.

Fylkeskommunen presiserer at ein godkjent spelemidelsøknad ikkje betyr det same som at fylkeskommunen godkjenner tiltaket i samsvar med plan- og bygningsloven, slik ei byggesaksbehandling i kommunen er meint å gjere. Fylkeskommunen godkjenner søknader i samsvar med føresegnene for spelemidelordninga¹, og tar ikkje stilling til om aktuelt lovverk er følgd.

¹ Føresegnene for spelemidelordninga går fram av Kulturdepartementet sin rettleiar «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» (V-0732 B). I fortsetjinga vil rettleiaren bli omtalt som føresegnene for spelemidelordninga eller berre føresegnene. Føresegnene blir revidert kvart år.

2.1.2 Møre og Romsdal som attraktivt og mangfaldig fylke

For fylkeskommunen inneber dette langsiktige utviklingsmålet mellom anna ei sunn og aktiv befolkning, og at det er trygge oppvekstvilkår og inkluderande lokalsamfunn. I folkehelse-loven står det at fylkeskommunen skal fremme folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemidlar som fylkeskommunen har fått. Dette skal skje gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting, og tiltak som kan møte folkehelseutfordringane i fylket. I «Folkehelsa i Møre og Romsdal 2019», som gir eit innblikk i folkehelsestanden i fylket, blir for lite kvardagsaktivitet peika på som ei av dei tre største folkehelseutfordringane.

For å oppnå dette er det viktig med ein anleggsinfrastruktur som gir flest mogleg sjansen til å drive fysisk aktivitet i trygge rammer på fritida. Spelemidelordninga er godt eigna til å bidra til ein slik infrastruktur.

2.2 Spelemidlane og rolla til fylkeskommunen

Kulturdepartementet (KUD) har gitt fylkeskommunane myndigheit til å fordele den delen av spelemidlane som går til bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane.² KUD har laga føresegner for ordninga for å sikre at midlane kjem idrettsanlegg og idrettslege føremål til gode. Føresegnene blir revidert kvart år. Det er fylkeskommunen som behandlar søknadene og prioriterer kven som skal få midlar.

Fylkeskommunen er i stor grad avhengig av søknadsbunken når den skal prioritere midlar til anlegg. Fylkeskommunen har ikkje som oppgåve å setje i gang bygging/rehabilitering av dei anlegga den meiner bør byggast. Samtidig kan den fordelingspolitikken som fylkeskommunen fører påverke kva anlegg som blir bygd i Møre og Romsdal dei neste åra.

Fylkeskommunen har ikkje høve til ikkje å godkjenne spelemidelsøknader på grunnlag av at den ikkje ønsker å prioritere visse anleggstypar, eller visse anleggstypar visse stader. Fylkeskommunen kan nedprioritere ein søknad over fleire år, men så lenge den er formelt i orden så vil den før eller sidan bli tildelt midlar.

2.2.1 Formålet med føresegnene

Føresegnene for spelemidelordninga set mellom anna vilkår for kven som kan søke om spelemidlar og kva det kan søkast midlar til. Her står det også kor mykje ein kan få i tilskot til ulike anleggstypar.

2.2.2 Føresegner om regionale anlegg

Tidlegare vart anlegg klassifisert som både kommuneanlegg, fylkesanlegg og riksanlegg etter kva nivå det var på konkurransane som kunne vere i anlegget. Dette var forankra i idrettsmeldinga frå 1992 (St. meld. nr. 41 (1991–92)). Det var ikkje forskjell på spelemideltilskotet til dei ulike anleggsklassene, men fylkeskommunen ga ekstra midlar til investering og drift av fylkesanlegg. No opererer ikkje staten med ei slik klassifisering av anlegg lengre. Det gjer heller ikkje fylkeskommunen. Ved sjeldne høve kan fylkeskommunen gi særskilte midlar til anlegg. Sjå kap. 5.3 for meir om dette.

² Med heimel i kongeleg resolusjon av 3. april 1987. Den delen av spelemidlane dette gjeld er post 1.1 i den årlege hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsformål, «Idrettsanlegg i kommunene».

2.3 Avgrensingar

Spelemiddelordninga er retta mot bygging og rehabilitering av anlegg. Det betyr at det ikkje blir gitt midlar til drift av anlegg. Mottakarar av spelemidlar forpliktar seg til å halde anlegget opent for allmenn idrettsleg verksemd i høvesvis 30 år og 20 år for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Det føreset ein viss driftskostnad kvart år, som søkjar må ta høgde for før anlegg blir bygd.

Anleggspolitikk for Møre og Romsdal skal grunngi prioriteringane til fylkeskommunen på ein god måte. Det er ikkje alt fylkeskommunen kan eller vil ha innflytelse på. Dette betyr m.a. at fylkeskommunen:

- ikkje legg føringar for prioritering knytt til eigarskap av anlegga, så lenge eigaren har rett på spelemiddelstilskot
- ikkje legg føringar for prioritering basert på utnytting av kapasitet. Fylkeskommunen har ikkje ei samla oversikt over korleis anlegga i fylket blir utnytta.
- ikkje tar stilling til kva anleggstypar som bør prioriterast kor i fylket. Dette skal i hovudsak den enkelte kommune avklare gjennom arbeidet med kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet (eller tilsvarande), og tilhøyrande handlingsprogram

2.4 Sentrale omgrep

Ordinære anlegg

Dette er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er eit anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Nærmiljøanlegg kan vere berre utomhusanlegg.

Interkommunale anlegg

Det betyr eit større kostnadskrevjande anlegg, for eksempel svømmeanlegg eller idrettshall. Det må vere inngått ein bindande skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift i tråd med føresegnene for spelemiddelordninga. Kulturdepartementet godkjenner status som interkommunalt anlegg.

Friluftslivsanlegg

Friluftslivsanlegg kan vere eksempelvis turvegar/-løyper og -stiar, dagsturhytter, gapahukar, lager og garasjebygg, sanitæranlegg, turkart, utandørs stupetårn og via ferrata (klatrest).

Møre og Romsdal/fylket

Med fylket meiner vi her Møre og Romsdal fylke som geografisk område, ikkje Møre og Romsdal fylkeskommune.

3. Anleggsstatus og fysisk aktivitet

3.1 Anleggsstatus i Møre og Romsdal

Anleggssituasjonen i Møre og Romsdal kan beskrivast på ulike måtar. Målt i tal anlegg registrert i anleggsregisteret kjem fylket godt ut samanlikna med dei andre fylka. Hausten 2019 hadde Møre og Romsdal nest mest anlegg av fylka med 3 866 registrerte anlegg, fordelt på 2 580 ordinære anlegg og 1 286 nærmiljøanlegg. Det vil seie at 67 prosent av

anlegga er ordinære anlegg og 33 prosent er nærmiljøanlegg. Fordelinga er lik gjennomsnittet for landet, og indikerer god anleggsdekning i fylket.

Ein annan måte å måle anleggstilbodet på er kor mange innbyggjar som deler eit anleggstilbod. I Møre og Romsdal deler om lag 230 innbyggjarar eit anlegg³, omtrent det same som Nordland, medan talet er godt over 700 i Oslo. Talet for landet er nesten 300. Også i denne oversikta kjem Møre og Romsdal godt ut.

Om vi samanliknar anleggssituasjonen i fylket og landet i form av anleggs kategoriar så er den prosentvise fordelinga mellom kategoriane ganske like for dei to. Den største forskjellen finn vi for anleggs kategorien friluftslivsanlegg som utgjer 34 prosent av alle anlegg i fylket, medan talet er 23 prosent i landet.

Når vi ser på dei 20 anleggstypane det er flest av i Møre og Romsdal og samanliknar dei med dekninga i landet elles, så skil tal turstiar seg frå landet elles. Desse utgjer ein relativt større del av anlegga i fylket enn elles i landet. For anleggstypar som kunstgrasbanar, ballbingar og opplæringsbasseng ligg vi relativt likt med landet. Anleggstypane som kjem dårlegast ut er orienteringskart og tur-/skiløyper, og fleirbruksområde utomhus.

Når det gjeld fordelinga mellom anlegg for organisert og eigenorganisert aktivitet så er ikkje ei slik kategorisering enkel. Det kan utøvast begge formar for aktivitet på mange typar anlegg. Men alle nærmiljøanlegg er rekna som anlegg for eigenorganisert aktivitet, det same er ordinære anlegg der ein finn ein stor grad av eigenorganisert aktivitet. Eksempel på slike anlegg er skianlegg, svømmeanlegg, tur-/skiløyper, turveggar og turstiar. I Møre og Romsdal er om lag 2/3 av alle registrerte anlegg innanfor kategorien eigenorganisert aktivitet. Dette gjeld også for landet elles.

Av anlegga for eigenorganisert aktivitet i fylket er den største delen anleggstypar knytt til tur og friluft, og nærmiljøanlegg. Og innanfor nærmiljøanlegg er det flest friluftslivsanlegg og små utomhusanlegg (ballbingar, balløkker, og utomhusareal egna for ballspel). Over halvparten av dei om lag 1 200 nærmiljøanlegga i fylket er ballbingar, små balløkker og ballbanar. Det vart bygd spesielt mange slike anlegg i perioden 1999-2010.

Med omsyn til talet på registrerte anlegg så ser dekninga ut til å vere god for nærmiljøanlegg i fylket. Men dette gjeld først og fremst for dei tradisjonelle anleggstypane nemnt ovanfor. Variasjonen i type nærmiljøanlegg kan med fordel bli større for å skape meir aktivitet. For meir informasjon, sjå [Møreforskningsrapporten](#) (behandla i sak KNF-28/19).

3.1.1 Friluftslivsanlegg

Friluftslivsanlegg er mykje forskjellig, jf. kap. 2.4. Å sjå alle typar friluftslivsanlegg som ein samla anleggstype som skal prioriterast, er lite nyansert. Vi veit i dag at det er stor skilnad på bruken av ulike typar friluftslivsanlegg. Dette vil i større grad bli spegla i prioriteringane framover.

Utviklinga av friluftslivet i kommunane bør inngå i heilskaplege planar, slik at utviklinga av ferdelsårene for friluftsliv blir meir systematisk og målretta. Slik kan vi treffe betre med tilskotsfordelinga og meir effektivt auke aktiviteten.


³ Frå siste spelemiddelrapporten frå Kulturdepartementet der denne statistikken vart presentert, basert på tal frå 2017.

Dei siste åra har vi sett større «signalanlegg» som Romsdalseggen og Midsundtrappene generere stor trafikk og mange tilreisande. Det er likevel grunn til å drøfte i kor stor grad slike anlegg skal prioriterast i spelemidelsamanheng. Trappene utgjer eit varig inngrep i naturen, er lite universelt utforma og fleire stader blir trappene bygd på etablerte og gode stiar som i enkelte tilfelle berre har behov for utbetring på korte strekk. Ein bør vere varsam med utbygging av slike anlegg, spesielt i snaujellet og over tregrensa.

3.2 Fysisk aktivitet i befolkninga

Helsedirektoratet gir nasjonale tilrådingar for fysisk aktivitet. Desse er 60 minutt kvar dag for barn og unge, og 150 minutt med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet kvar veke for vaksne. Ein stor del av befolkninga følger ikkje tilrådingane. Trenden er at vi sit meir i ro og er mindre kvardagsaktive. Samtidig blir dette delvis kompensert med meir trening, slik at den samla aktiviteten i befolkninga er så godt som uendra sidan 2005.

Om lag 87 prosent av jentene og 94 prosent av gutane følger tilrådingane blant seksåringar. Blant niåringane følger 64 prosent av jentene og 81 prosent av gutane tilrådingane. 40 prosent av 15-årige jenter og 51 prosent av 15-årige gutar følger tilrådingane.



Figur 1: Del 6-, 9- og 15-åringar som følgde tilrådingane for fysisk aktivitet i Norge i 2005, 2011 og 2018 (kjelde: Steene-Johannessen m. fl. (2019) som oppgitt i Møreforskningsrapporten. *Gutar i 2018 signifikant forskjellige frå gutar i 2005.

Fotturar i skog og mark er den aktiviteten flest i Møre og Romsdal oppgir at dei gjer minst éin gong i månaden (64 prosent). Dei siste 20 åra har styrketrening, langrenn og fotturar blitt meir populært i den vaksne befolkninga, medan bruk av tradisjonelle idrettsanlegg er redusert for denne gruppa. Blant barn står trening i idrettsanlegg stabilt høgt.

Deltakinga i organisert idrett er stor blant barn, men kvardagsaktiviteten har gått ned også for denne gruppa dei siste 15 åra. Blant ungdommar er mange med i organisert idrett, men det skjer eit tydeleg fråfall i 15-16 års alder. Det er fleire jenter enn gutar og fleire med lågare sosioøkonomisk status som sluttar i ungdomsalder.

4. Satsingsområde og prioriteringar

4.1. Satsingsområdet Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er eit anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde utomhus. Til forskjell frå ordinære anlegg så kan også velforeiningar og burettslag søke om spelemidlar til nærmiljøanlegg. Dette opnar for ei større spreiding av denne typen anlegg. Og ein veit at avstand til anlegg er ein terskel for bruk. Blir avstanden meir enn 500 meter så blir terskelen høgare.

Det kan vere tenleg å bygge nærmiljøanlegg ved skolar. Då har mange barn og unge relativt kort avstand til anlegget. Samtidig kan ein samle fleire anleggstypar innanfor nærmiljøet til desse, noko som kan gi eit breiare tilbod til fleire.

Det er ikkje noko avgrensing knytt til kor mange nærmiljøanlegg ein kan søke tilskot til på eit område. Dette gir derfor eit stort potensial eksempelvis ved opparbeiding av skoleområde. Dette gjeld ikkje minst ved ungdomsskolar, kor ungdommane sjølv bør medverke i utviklinga av utomhusområdet. Fråfallet blant ungdom i idretten er stort, og ein større grad av nyskaping i desse anlegga kan stimulere til å halde ungdommane fysisk aktive.

Nærmiljøanlegg er til forskjell frå ordinære anlegg mindre kostnadskrevjande og ein kan som hovudregel få tilskot som utgjer 50 prosent av kostnaden, inntil 300 000 kroner. I tillegg er det gode sjansar for å få heile momsbeløpet kompensert gjennom momskompensasjonsordninga knytt til bygging av idrettsanlegg (sjå kap. 5.2). Dette gjer at ein fort får dekt 75 prosent av kostnaden berre gjennom desse to ordningane.

Talet på søknader innanfor nærmiljøanlegg har gått ned dei siste par åra og det er eit stort potensial her. Sjølv om utvikling av skoleområde har vorte trekt fram her, så er det potensiale andre stader også, både i burettslag og andre område i nærmiljø ein trur målgruppa/-gruppene vil kunne trekke til. Anlegga er ikkje berre anlegg for fysisk aktivitet, men skal også fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna.

4.2 Satsingsområdet Friluftslivsplanlegg

Fylkeskommunen har i mange år prioritert friluftslivsplanlegg generelt. Det er eit mål å nysansere prioriteringane. Det å gå på tur er viktig for mange folk si helse og livskvalitet. Dette er ein aktivitet som aukar i popularitet med alderen, og er sosialt utjamnande. Den kan gjennomførast aleine eller med andre, og stiller små krav til utstyr. Det er også gratis å gå på tur, og vi treng ikkje instruktør for å gjere det. Turvegane er opne heile døgnet og mange kan gå tur frå eigen heim utan å nytte bil eller kollektivtransport. Alt dette er med på å senke terskelen for deltaking og bidrar til at mange nyttar denne forma for fysisk aktivitet.

Det er stor skilnad på bruken av ulike typar friluftslivsplanlegg. Anlegg som ligg i nærmiljøet er viktig for den daglege bruken og truleg den typen friluftslivsplanlegg som har størst positiv effekt på folkehelsa. Anlegg i nærmiljøet, med god tilgjenge, kan gi ei brei brukargruppe. Friluftslivsplanlegg treff folk på tvers av alder, kjønn og sosioøkonomisk status. Ved å bygge anlegg som legg til rette for brukarar med ulike funksjonsnedsettingar, kan vi skape anlegg og sosiale møteplassar som løftar den totale aktiviteten i heile befolkninga og slik nå ut til store grupper.

Helseløyper er kanskje det beste eksempelet på anlegg som kan treffe breitt. Helseløyper er anlegg i grønt-strukturar i nærleiken av buområde med høg grad av tilgjenge. Her kan eldre med rullator bevege seg i same anlegget som aktive idrettsutøvarar kan drive trening. I tillegg til ein samla auke i aktivitetsnivået, vil vi kunne sjå synergjar av at folk møtast på tvers av sosial, demografisk, kulturell og økonomisk bakgrunn.

Om vi kan sjå plasseringa av desse anlegga i samanheng med folk sine daglegdagse gjeremål, vil vi få enda større bruk. Gjennom målretta, strukturert og strategisk tilrettelegging med fokus på bruk og aktivitet, kan vi få enda meir folkehelse ut av kvar krone.

Tilrettelegging for friluftsliv i kommunane bør inngå i heilskaplege planar, slik at utviklinga av ferdselsårene for friluftsliv bli meir systematiske og målretta. Det er viktig å sjå samanhengen i friluftslivsareala, det eksisterande nettverket av ferdselsårar, moglegheitene for aktiv transport, og tilknytning til bu- og opphaldsområde når nye anlegg skal byggast. Skilting, merking og klopping av eksisterande turstiar og -veggar er lite kostnadskrevjande og kan ofte gi mykje aktivitet for pengane. Fylkeskommunen vil derfor i større grad prioritere anlegg som inngår i ein heilskapleg plan, og skilting og merking av slike anlegg.

Andre friluftslivsanlegg som har fått mykje merksemd dei seinare åra er dagsturhytter. Dette er anlegg som i samband med turveggar/-stiar kan vere turmål i seg sjølv, og som dermed vil kunne skape meir aktivitet. Fylkeskommunen undersøker moglegheitene for ei satsing på bygging av dagsturhytter i fleire kommunar, i første omgang knytt til opprustinga av Den Trondhjemske postveg.

4.3 Satsingsområdet Mangfald av anlegg

Fylkeskommunen vil prioritere tiltak som gir mangfald i anleggstypar. Det er forankra i pengespellova og tilhøyrande forskrift om fordeling av speloverskotet at midlane i første rekke skal nyttast til utbygging av idrettsanlegg. Samtidig er det viktig å anerkjenne størrelsen og innsatsen til idretten knytt til det å skape fysisk aktivitet, og å sikre trygge rammer og gode oppvekstvilkår for først og fremst barn og unge.

Det er eit mål at spelemidlane kjem flest mogleg idrettar til gode og ikkje berre nokre få. Prioriteringane mellom dei ulike idrettane sine anlegg blir gjort ut frå dei retningslinjene og prinsippa som er beskive i dette dokumentet, og ikkje ut i frå at nokre idrettar er meir anerkjent enn andre. Fylkeskommunen har som utgangspunkt at ei stor breidde i anleggstilbodet vil få fleire i aktivitet. Prioriteringa er retta mot heile befolkninga. Samtidig er det ikkje slik at kvar kommune kan ha alle anleggstypar. Interkommunalt samarbeid vil vere viktig og nødvendig knytt til større kostnadskrevjande anlegg.

Anlegg for eigenorganisert aktivitet er attraktive for alle aldersgrupper. Med tanke på at fråfallet frå den organiserte idretten er stort i ungdomsåra er det viktig å kunne gi eit alternativ. Her kan anlegg for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet spele ei viktig rolle ved å fange interesse frå dei som ikkje ønsker å vere med i eit organisert tilbod lengre. Det vil vere avgjerande med medverknad frå ungdommar for å bygge anlegg dei finn attraktive.

I lys av berekraftsdimensjonane vil det bli enda viktigare framover med gode val av materiale, kor anlegget blir bygd, og korleis det blir drifta gjennom eit livsløp. Fylkeskommunen vil derfor vektlegge dette i prioriteringa av tilskot.

4.4 Oppsummert - Satsingsområde og strategiar for anleggsutviklinga

Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere:

- Nærmiljøanlegg
 - Prioritere anlegg med kort avstand til aktivitetsanlegg for flest mogleg. Kort avstand handlar også om miljøomsyn, etter som det i mindre grad vil krevje motorisert transport
 - Prioritere anlegg med innslag av nyskaping spesielt retta mot ungdom
 - Prioritere anlegg som legg til rette for at fleire grupper kan møtast og utøve ulike aktivitetar, for eksempel barn og foreldre

- Friluftslivsanlegg
 - Friluftslivsanlegg som inngår i ein kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer blir prioritert
 - Friluftslivsanlegg som ligg i nærleiken av buområde, institusjonar o.l. Heseløyper, turstiar, turveggar og turløyper som stettar punktet ovanfor blir prioritert framom andre tilleggselement som gapahukar, benkar osv.
 - Skilting, merking og enkel tilrettelegging av eksisterande turstiar, turveggar og turløyper

- Å sikre eit mangfald av anlegg
 - Sikre at det blir bygd og rehabilitert anlegg for flest mogleg idrettar og aktivitetar
 - Anlegg for eigenorganisert aktivitet, gjerne i eit område med andre fritidsaktivitetar
 - Anlegg der det blir tatt bevisste miljømessige val av materiale og driftsmåtar utan at det går utover dei idrettsfunksjonelle eigenskapane

4.5 Sentrale omsyn

I tillegg til satsingsområda ovanfor så ligg det både nokre premisser og omsyn til grunn for prioriteringane fylkeskommunen gjer ved fordeling av spelemidlane. Desse er i hovudsak:

- Prinsipp om alternativkostnad og marginalnytte
- Involvering av frivillige organisasjonar
- Universell utforming
- Interkommunale anlegg
- Rehabilitering av anlegg
- Tal innbyggjarar per anlegg
- Tildeling dei siste åra
- Kommunale prioriteringar

4.5.1 Prinsipp om alternativkostnad og marginalnytte

Utgangspunktet for å tenke alternativkostnad er at spelemidlane er ein knapp ressurs, og ved å prioritere eit anlegg så avstår ein samtidig frå å bruke dei same midlane på eit anna anlegg. Det er med andre ord ein alternativkostnad ved alle anleggsinvesteringar.

Når det gjeld marginalnytte så er eit sentralt spørsmål kva ekstra nytte det ekstra anlegget gir. Det må gjerast ei vurdering av kva anlegg som finns i nærleiken som kan dekke same behov, kva målgrupper anlegget når ut til, og kva levetid anlegget har. Kommunen bør gjennom prioriteringane i sine handlingsprogram vurdere den ekstra nytta anlegget gir opp

mot kostnaden ved anlegget. Vil eksempelvis den tiande turvegen i kommunen gi større nytte (meir aktivitet) enn den første trimparken?

4.5.2 Involvering av frivillige organisasjonar

Fylkeskommunen har kvart år møte med anleggsrådet. Medlemmane i anleggsrådet er oppnemnt av styret i Møre og Romsdal idrettskrets. Dei som sit i anleggsrådet representerer sine særiddrettar, og andre frivillige organisasjonar som er i posisjon til å søkje spelemidlar er invitert inn. Fylkeskommunen legg fram søknadstal og nøkkelinformasjon knytt til spelemidelsøknadene for anleggsrådet. Anleggsrådet kjem deretter med eit felles innspel til prioritering av midlane som fylkeskommunen tar med i vurderinga ved fordeling. Fylkeskommunen ønsker å halde fram med denne praksisen. Frivillige organisasjonar som ikkje er med i anleggsrådet kan gi sine særskilte innspel til prioriteringa.

4.5.3 Universell utforming

Det følger av føresegnene for spelemidelordninga at anlegg skal vere universelt utforma. Det betyr at anlegget er utforma på ein slik måte at det kan nyttast av alle menneske, så langt som råd utan behov for tilpassing eller ei spesiell utforming. Og dette gjeld alle som nyttar anlegget; utøvarar, publikum, trenarar, dommarar og arrangementsteknisk personell.

Etter at ordninga med idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vart avvikla har det ikkje vore eit krav i spelemidelsøknaden om å utgreie korleis anlegget er universelt utforma. Men kravet står fast og er heimla i likestillings- og diskrimineringsloven. Formålet med loven er å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Nokre unntak frå kravet om universell utforming vil det likevel vere i spelemidelordninga. Anlegg eller delar av anlegg som etter sin funksjon er ueigna for personar med funksjonsnedsetting vil vere unntatt kravet. Det er ikkje alle anlegg for idrett og fysisk aktivitet som kan nyttast av alle. Døme på dette er hoppbakkar og turstigar/-vegar i bratt terreng. For sistnemnte er det likevel mogleg å gjere tiltak for at flest mogleg kan nytte anlegget. Døme kan vere jamt med kvileplassar, hjelpemiddel å halde seg fast i, og om ikkje heile turvegen er universelt utforma så kan kanskje delar av den vere det.

Fylkeskommunen vil prioritere søknader der det er tydeleg at kravet om universell utforming er tatt omsyn til. Søknader der det ikkje går fram at anlegget er universelt utforma vil ikkje bli godkjent. Det vil vere ein fordel om det ligg føre ei utgreiing i søknaden for å unngå tvil om dette omsynet er tatt i vare.

4.5.4 Interkommunale anlegg

Anlegg med status som interkommunale blir prioritert. Det er eit incentiv i føresegnene for ordninga om å samarbeide om kostnadskrevjande anlegg på tvers av kommunegrensene⁴. Som interkommunalt anlegg vil ein kunne få eit tillegg på 30 % av ordinært spelemideltilskot. Det er i dag berre sju anlegg med interkommunal status i fylket. Det er KUD som gir formell status som interkommunalt anlegg etter vilkår som er sett i føresegnene for ordninga.

4.5.5 Rehabilitering av anlegg

Søknader om rehabilitering av anlegg blir vurdert på lik linje med nybygg, jf. prinsippa om alternativkostnad og marginalnytta.

⁴ Jf. punkt 2.5.4 «Særskilt tilskudd til større interkommunale idrettsanlegg» i føresegnene (for 2020).

4.5.6 Tal innbyggjarar per anlegg

Dette handlar om kor mange personar som må dele på anlegg i ein kommune, som er ein måte å vurdere anleggstilbodet på. Det betyr at talet anlegg må vere høgare i ein folkerik kommune for å oppnå same anleggsdekning per innbyggjar enn i ein kommune med færre innbyggjarar. Dette omsynet vil ha ein utjamnande effekt på ventetida på spelemidlar mellom kommunane.

4.5.7 Tildeling dei siste åra

Fylkeskommunen har oversikt over kor mykje midlar den enkelte kommunane har fått til saman gjennom åra. Dette omsynet vil ha ein utjamnande effekt mellom kommunar over tid, særleg med omsyn til innbyggjartal per anlegg.

4.5.8 Kommunale prioriteringar

Fylkeskommunen legg til grunn at kommunane har gjort gode vurderingar av kva anlegg dei vil prioritere gjennom arbeidet med planverket sitt. Den kommunale prioriteringa er den viktigaste premissen for fordelinga av spelemidlar som fylkeskommunen gjer. Samtidig ligg det til fylkeskommunen å forvalte midlane til det beste for heile fylket. Det kan utfordre prioriteringane til den enkelte kommune.

5. Andre forhold – bygging og rehabilitering av anlegg

5.1 Tilskot til anlegg ved skolar

Å bygge anlegg for idrett og fysisk aktivitet i nærleiken av skolar, gir mange tilgang til anlegga innanfor kort avstand (jf. kap. 4.1). For å få spelemidlar føreset det at anlegget er ope utanfor opningstida til skolen. Dette gjeld både nærmiljøanlegg og idrettshallar som blir nytta i friminutt og til gymtimar i skoletida. Bakgrunnen er at spelemidlordninga er for anlegg som gir moglegheit for aktivitet i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten, og for eigenorganisert aktivitet.

5.2 Momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg

Ordninga for momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg vart etablert i 2010. Ordninga omfattar alle som oppfyller vilkåra for å få spelemidlar, bortsett frå kommunar, fylkeskommunar og kommunale føretak. Ordninga er rammestyrt og det blir tildelt midlar etter søknad innanfor den ramma Stortinget løyver kvart år. Viss løyva ikkje rekk til full kompensasjon, vil den prosentvise avkortinga vere lik for alle godkjente søkarar.

Spelemidelsøknaden må vere i formell orden før søknad om kompensasjon kan bli innvilga, men det er ikkje krav om at spelemidlar er gitt før ein søker om momskompensasjon. Ordninga omfattar moms knytt til anleggsselementa som inngår i den godkjente kostnaden i spelemidelsøknaden. Anlegget må vere ferdig og rekneskapen må vere kontrollert og attestert av revisor før ein søker om momskompensasjon.

Momskompensasjon er ikkje godkjent som finansieringskjelde i spelemidelsøknaden. Søkjar kan ikkje føre opp momskompensasjon som ein del av finansieringsplanen i søknaden. Dette gjeld ikkje for søkarar som er omfatta av momskompensasjonslova (for eksempel kommunar og fylkeskommune). Desse har rett på momskompensasjon.

5.3 Fylkeskommunale tilskot

I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt for fylkeskommunen å gi tilskot til realisering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Slike anlegg skil seg ut i nasjonal samanheng og har ein kvalitet som gjer dei aktuelle for både nasjonale og internasjonale konkurransar, og/eller som særskilt viktige trenings-/konkurransarenaar for satsande toppidrettsutøvarar. Anlegget må i tillegg ha eit nedslagsfelt i ein eller fleire regionar i form av aktive medlemmar eller besøk. Med regionar meiner vi her Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre.

I den grad det blir gitt fylkeskommunale midlar til idrettsanlegg skal desse fordelast på forskjellige anleggstypar. Det betyr at terskelen vil vere høgare for å gi fylkeskommunale midlar til to anlegg innanfor same anleggstype.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf. 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no